



Arkivnr: 2014/558-188  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		11.04.2016

## Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

### Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal kvart år leggje fram årsmelding for fylkestinget, seinast i juni. Arbeidsutvalet har førebudd slik tekst til årsmelding 2015:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland hadde litt færre saker i 2015 enn i 2014. Det vart handsama 42 RS-saker og 58 PS-saker, og omfattar alt frå skulebygg, kollektivtrafikk (inkl. ferjer), høyringar, folkehelse, tannhelse, oppfølging av skulebruksplan og pedagogisk arkitektur. Kultur- og idrett har vore nesten fråverande på sakskartet for 2015, og dette er eit døme som viser at det er enno eit stykke veg å gå før RMNF er ein naturleg del av fylkeskommen si sakshandsaming.

I årsmeldinga for 2014 vart Voss Vidaregåande skule trekt fram som eit dårleg døme på sakshandsaming, då rådet ikkje kom inn i prosessen før det nesten var for seint. I 2015 skjedde det same med Voss gymnas, der tilfeldigheit gjorde at ein oppdaga at forprosjektet skulle opp til politisk handsaming. Rådet måtte kalla inn til eit ekstra møte for å få ei orientering om prosessen. Universell utforming ser ut til å vera godt ivaretatt i prosjektet, men prosessen er ikkje god, då RMNF nok ein gong ikkje er ein naturleg del av sakshandsaminga. Med bakgrunn i tilsvarande saker, vart det den 07.09.15 gjort slikt vedtak:

*«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne foreslår at det neste rådet må jobbe for at alle planar i fylket som vedkjem universell utforming vert teken opp i rådet før politisk handsaming.»*

Rådet har i dialog med eigedomsavdelinga sett at ramane for bestilling av nye bygg vert lagt når eit bygg vert lagt ut på anbod, og at det kan vere vanskeleg å gjere endringar etter denne tid. Difor var det gledelig at dokumentet «Pedagogisk arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK», som vert brukt som eit grunnlag ved bestilling av nye bygg, vart lagt føre rådet for uttale. RMNF kom med fleire innspel som vart inkorporert i det endelege dokumentet. Rådet er nøgd med denne moglegheita til å legge premiss tidleg i prosessen og sett pris på at opplæringsavdelinga inviterte til dialog i saka.

Når det gjeld samferdsle kan desse sakene nemnast:

- Fysisk skilje mellom mjuke og harde trafikkantar i tunnel (under 500 m). Her har rådet gjeve uttale på at ein må ha fysisk skille mellom mjuke og harde trafikkantar inne i tunnellen.
- I 2015 er det gjennomført ei kartlegging av ferjekaiar i fylket, noko rådet er veldig positiv til. Som ein del av arbeidet med universell utforming av ferjekaiane har rådet særleg påpeikt tiltak for synshemma og blinde.
- I samband med val av standard for fylkesveg, har RMNF i uttale til fylkestinget, understreka at krav til universell utforming ikkje blir svekka. Dette vart teke inn i fylkestinget sitt vedtak.

Som tidligare nemnt er RMNF samansett av fire brukarrepresentantar frå FFO og SAFO og ein politikarar frå kvar av dei tre hovudutvala. Det gir rådet ein moglegheit til å fremja saker på vegne av rådet i utvala, gjennom politikarane i rådet. Til dømes slik det vart gjort i saka om val av standard for fylkesveg, der

medlem i rådet og samferdselsutvalet fremja tilleggforslaget om universell utforming som vart vedteke til slutt i fylkestinget.»

**Forslag til vedtak**

Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den føreligg.

Janne Værnø  
kommunikasjonsdirektør

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*